

AVTALE

Mellom eigar av gbnr 94/1 Skodvin, Åsmund Skodvin (grunneigar) og Skodvin Montessoriskule (skulen), er det inngått slik avtale:

Skodvin Montessoriskule får løyve til å disponera eit areal på ca 900 m² på bnr. 1 sin eigedom på nordsida av Fjellsbøvegen, litt aust for vegkryss med fv 57.

Arealet skal nyttast for å laga ein parkeringsplass for skulen

Bnr. 1 har rett til å nytta parkeringsplassen for tilkomst til sin eigedom.

Arealet skal målast opp, og vil då få eige bnr. Skodvin Montessoriskule ber kostnadane med oppmåling.

Skog som vert tatt ned i forbindelse med opprettinga tilfell grunneigar.


Det er ønskeleg at arealet der Lindås kommune tidlegare har etablert kloakkrenseanlegg for skulen vert tatt inn i det no frådelte arealet (nytt bnr.) og omfatta av denne avtalen.

Det er ein føresetnad at traktorvegen som går nordaustover frå Fjellsbøvegen framleis kan nyttast som tilkomst til bnr 1 si utmark.

Avtalen står ved lag så lenge det vert drive skule på Skodvin.

Skodvin, den 17.oktober 2018


Åsmund Skodvin
grunneigar


Anita Gjerstad
styreleiar Skodvin Montessoriskule

Q2

28-December-2018

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
21 DES 2018	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

MOTTATT



20 DES 2018

Lindås kommune
Byggesak
5914 Isdalstø

Skodvin 20. desember 2018

VEDR. SØKNAD OM ETABLERING AV PARKERINGSPLASS

Vedlagt Søknad om løyve til tiltak, etablering av ny parkeringsplass for Skodvin Montessoriskule.

Som det vil vera kjent er parkeringstilhøva ved skulen ikkje lenger tilfredsstillande. Vi viser m.a. til synfaring 05.04.2018, der Irene Wilhelmsen og Kjetil Eikefet var tilstades frå kommunen.

Manglande kapasitet gjer at det no vert parkert på gangvegen, i utkanten av busslomma og på den tidlegare busslomma på vestsida av fylkesveg 57. Det seier seg sjølv at dette ikkje kan halda fram.

Det har vore vurdert fleire alternativ for ny parkering, f.eks utviding av eksisterande plass mot sør-aust. Det har ikkje vore mogeleg å få avtale om grunn der.

Vi har no fått avtale med grunneigaren av gbnr 94/2, på andre sida, nordsida, av Fjellsbøvegen, om å leggja parkeringsplass nær det eksisterande reinseanlegget.

Om ønskjeleg kan det etter avtalen lagast målebrev og tinglysa rett til eit høveleg areal der. Men det er ikkje krav om tinglysing verken frå grunneigar eller vår side. Noverande parkeringsplass er tenkt brukt som vendesløyfe, av- og påstigning. Sjå vedlagt skisse og kopi av avtale med grunneigar.

Vi er også kjend med at Vegvesenet, i samband med at det er planlagt gang/sykkelveg frå skulen mot Vågseidet, har teikna inn eit riggområde/parkeringsplas nord for Fjellsbøvegen. Dette synes å vera langt fram i tid, og parkeringstilhøva ved skulen er no så uhaldbare at vi kan ikkje venta på det prosjektet.

På grunn av avtale med grunneigar (vedlagt) finn vi det ikkje naudsynt med yttarlegare nabovarsel.

Vi legg til grunn at arbeidet skal utførast etter retningslinene i Pbl. og i tråd med TEK17. Det er også samstundes sendt «Søknad om avkøyrsløse» og «Søknad om dispensasjon frå byggegrense» til vegavdelinga i kommunen.

Vi vil setja pris på ei rask sakshandsaming

Med venleg helsing

Anita Gjerstad

Styreleiar

Skodvin Montessoriskule